



Til Kommunestyret

Vår sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Dykkar ref.:
Vår ref: 2016/48
Vår dato: 14.02.2018

Partsbrev vedr. Byggerekneskap for idrettsanlegget i Hagabotnane

Vedlagt følger partsbrev med kontrollutvalet sin uttale til byggerenenskap for idrettsanlegget i Hagabotnane. Ber om at uttale følgjer saka fram til handsaming i kommunestyret.

Med helsing

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til:
Ordførar
Rådmann
Utvalsleiar

Arkivsak: 216
 Arkivnr: 2016/48-25
 Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	4/18	12.02.2018

Byggerekneskap for idrettsanlegget i Hagabotnane

Bakgrunn

Kontrollutvalet har motteke «Byggerekneskap for idrettsanlegget i Hagabotnane» i mail 10.01.18. Bakgrunn for at kontrollutvalet skal gje sin uttale i denne saka følgjer av reglement for kontrollutvalet i Samnanger kommune, der det mellom anna står:

«Prosjektregnskapar over kr. 500.000: Så snart eit prosjekt er avslutta, skal prosjektregnskapen leggast fram for kontrollutvalet som gjev tilråding til det organ som har vedteke kostnadsoverslag og finansieringsplan – (sjå Økonomireglement for Samnanger kommune).

Økonomireglement for Samnanger kommune, utdrag:

«Investeringsprosjekt som skal førast på to eller fleire budsjett, skal førast som eige prosjektregnskap (byggeregnskap). For investeringsprosjekt med ei kostnadsramme på over kr. 500.000 skal det alltid førast eige prosjektregnskap.

Prosjektregnskapen skal spesifiserast slik at tala kan samanliknast direkte med kostnadsoverslaget.

Så snart eit prosjekt er avslutta, skal prosjektregnskapen leggast fram for kontrollutvalet som gjev tilråding til det organ som har vedteke kostnadsoverslag og finansieringsplan. Organet skal samstundes med slutthandsaming av prosjektet gjera vedtak om finansiering av eventuelle overskridingar, eller disponering av ubrukte midlar til prosjektet. Overskridingar som ikkje vert dekkja av ledige midlar innanfor same rammeområde i kapitalbudsjettet, skal handsamast av kommunestyret. Bruk av lånemidlar kan berre vedtekast av kommunestyret.

Ved overskridingar skal saka alltid verta lagt fram for kommunestyret til handsaming så snart prosjektansvarleg er kjend med dette.

Drøfting

Byggerekneskapen som ligg føre viser at samla utgifter har vore kr. 11.007.827 for prosjektet idrettsanlegget.

Finansiering har vore:

- Samnanger kommune har motteke privat tilskot på kr 100.000 frå idrettslaget.
- Utgifter på kr 10.130.565 er finansiert ved bruk av fond og momskompensasjon
- Overskriding på kr 777.262 er dekkja av unyttla lånemidlar

Kopi av sakshandsaminga i Samnanger kommune viser at byggeprosjektet er gjennomført etter dei vedtak som er fatta. I byggerekneskapen står følgjande med erfaringar vedr. overskridingane i prosjektet:

«I framtidige byggeprosjekt bør det vera tettare dialog og meir dokumentasjon i forprosjektet med brukarane. Dette fordi nye bestillingar eller endringar ofte føre til meirkostnader der ein har gått ut med ein totalentreprise. Dess betre bestillinga i totalentreprisen er, dess mindre kostnadsavvik kan påreknast. I dette prosjektet er kostnadsavvika i stor grad knytt til endra ønskje frå brukarane og forbetringar oppdaga undervegs.»

Kontrollutvalet skal gje sin uttale til byggerekneskapen for idrettsanlegg i Hagabotnane, og måten den er lagt fram på. Dokument i saka omfattar:

- Byggerekneskap for idrettsanlegget i Hagabotnane
- Saksframlegg vedr. Kunstgrasbane – forskottering av statstilskot
- Saksframlegg vedr. Hagabotnane idrettsanlegg – val av dekke i halvsirkel og finansiering
- Vedtak KS 057/2017 – Økonomirapportering pr. nov. 2017
- Deloitte sin uttale til byggerekneskapen

Sekretariatet registrerar at det er ei overskriding på kr 777.262, som er dekkja av unytta lånemidlar. Sekretariatet registrerar og forklaring om at kostnadsavvika i stor grad er knytt til endra ønske frå brukarane og forbetringar oppdaga undervegs. Dessutan ei erkjenning av at det i framtidige byggeprosjekt bør vera tettare dialog og meir dokumentasjon i forprosjektet med brukarane.

Utover det som kjem fram av dokumenta i saka, og revisjon sin uttale, finn ein at prosjektet er utført på ein tilfredstillande måte.

Konklusjon

Byggerekneskapen med vedlegg som er lagt fram gjev eit godt og oversiktleg bilete av prosjekt for idrettsanlegget i Hagabotnane. Sekretariatet vil gjere framlegg om at kontrollutvalet gjev slik uttale i saka:

Forslag til uttale

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner prosjektrekneskap for idrettsanlegget i Hagabotnane.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 12.02.2018

Handsaming i møtet:

Unni-Renate Moe orienterte om korleis revisjonen arbeider når dei gjev uttale til saker av denne typen. Kontrollutvalet drøfta saka og forslag til uttale vart samrøystes vedteke.

Uttale:

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner prosjektrekneskap for idrettsanlegget i Hagabotnane.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg:

- Byggerekneskap for idrettsanlegget i Hagabotnane
- Saksframlegg vedr. Kunstgrasbane – forskottering av statstilskot
- Saksframlegg vedr. Hagabotnane idrettsanlegg – val av dekke i halvsirkel og finansiering
- Vedtak i sak Økonomirapportering pr. november 2017 (KS 057/2017)
- Deloitte sin uttale til byggerekneskapen